



ØYGARDEN 2020

Magasin for tilsette i kommunane Sund, Fjell og Øygarden



Her er Øygardsgenseren

På julemessa til Sotra Husflidslag kunne ordføraren ropa fram Mary-Ann Foldnes Fiske iført den eigenstrikkta genseren.



Korleis skal vi skapa endringsvilje?

Kommunikasjon og involvering er viktig for å lukkast med å byggja den nye kommunen.



Innhald

- Rune Lid vil involvera dei tilsette
- Lunsjpraten: Blomvåg skule
- Nytt frå fellesnemnda
- Fire kommunalsjefar er tilsette
- Delt om pensjonsløysing
- Gav råd om pensjonsløysing
- God start for prosjektgruppene
- Mange prosjekt er i gang
- Viktige fristar i konseptfasen
- Her er Øygardsgenser
- Tilsette om deira forventning til Nye Øygarden kommune
- Korleis skapa endringsvilje?



Copyright 2018 - Øygarden 2020

Trykk: Molvik Grafisk AS

Opplag: 3.550

Redaksjon: Vigleik Brekke (red.),
Kaja Pedersen, Jarle Kåre Oen,
Trude Erstad Villanger, Hildegunn
Høyland og Line Markhus.

Grafisk utforming: Monica Hovland
Foto: Jørjan Ingvaldsen, Geir Jensen,
Vigleik Brekke, Kjell Andersland, Sjur
Meling, Øygarden kommune, Marit
Røysland Kivilk, Sølv Fotland Spilde
og Monica Hovland.

Rune Lid

Dei tilsette skal oppleva god involvering

Rådmannen i Nye Øygarden kommune frå januar 2020 og prosjektrådmann fram til 1. januar 2020, Rune Lid, er oppteken av at dei tilsette skal få ei god involvering i arbeidet med å byggja den nye kommunen.



- Dei tillitsvalde og vernetenesta er godt representerte, og eg er trygg på at deira interesser vert tekne i vare på ein god måte. Eg opplever også samarbeidet med dei tillitsvalde som konstruktivt og godt, seier Rune Lid som den 29. oktober vart tilsett som rådmann i den nye kommunen. No gler han seg over at fire av kommunalsjefane er tilsette.

Som prosjektleiar fram til utgangen av 2019 skal han leia eit krevjande og omfattande arbeid. Mellom anna skal ein konkludera med korleis ein skal bruka kommunedelsentera i Skogsskiftet og på Rong og kva tenester som skal lokaliserast der. I intensjonsavtalen står det at alle tilsette har rett på jobb i den nye kommunen og skal ikkje få reduksjon i løna si, men ein del medarbeidarar vil få nye oppgåver og ny arbeidsstad.

- Spørsmålet om lokalisering av ein del av tenestene bør vera avklart før sommarferien. Mange tilsette er opptekne av dette og fleire kjenner på uvisse. Konsekvensen er at nokre tilsette må vera innstilte på å skifta arbeidsstad, men uansett er vi opptekne av å involvera dei tilsette i denne prosessen. Det handlar også om å følgja nærteneprinsippet slik det går fram av intensjonsavtalen. Det er logisk at tenester som folk nyttar ofte, vert lokaliserte nær brukarane, seier Rune Lid.

Måtte i tenkjboksen

I april tok Rune Lid til i stillinga som prosjektrådmann kombinert med rådmannsjobbene i Sund. I haust måtte 51-åringen på nytt i tenkjboksen då stillinga som rådmann vart lyst ut. Ein av grunnane til at han søkte og takka ja til stillinga, var dei gode ressursane han har rundt seg.



Den gamle Hengjo på Hellesøy, Øygarden



Klokkarvik, Sund

- I denne prosessen har eg hatt eit svært viktig og godt samarbeid med Lillian Torsvik, som representerer rådmannen i Fjell, og rådmann i Øygarden, Siri Fahlvik Pettersen. Tidlegare har eg på økonomisida delteke i store omleggingsprosessar i det private næringslivet, som til dømes samanslåinga av HSD og Gaia Trafikk, seier han.

I haust er det oppretta ei overordna styringsgruppe som er samansett av rådmennene i dei tre kommunane, tillitsvalde og vernetenesta og fem prosjektleiarar for arbeidsfelta Oppvekst, Helse og Velferd, Kultur og Samfunn, Økonomi og Organisasjon og digitalisering. Dei fem prosjektleiarane vert etter kvar avløyste av kommunalsjefar for desse fem ansvarsområda.

- Kva er det viktigaste du arbeider med for tida?

- No like før jul handlar det mykje om å styra og koordinera arbeidet i prosjektgruppene for å sikra heilskap og arbeid på tvers av prosjekta. Prosjektgruppene har fått sine mandat som styringsverktøy. Prosjektgruppene rapporterer til overordna styringsgruppe, og dersom prosjektgruppene treng hjelp eller å få avklart prinsipielle og politiske spørsmål, må dei ta dette opp med overordna styringsgruppe og meg som prosjektleiar. No er det viktig å halda framdriftsplanen og sikra at vi får levert det vi skal til utgangen av 2019. Midt i dette må vi hugsa på arbeidsgjevarolla vår. Vi må erkenna at det er fleire slitne medarbeidarar som har doble roller for tida, seier Lid.

No er fire av kommunalsjefane tilsette.

- For meg som prosjektleiar og seinare rådmann er det viktig å vita kven som skal ha ansvaret for dei ulike ansvarsområda. Då kan eg få etablert leiarteamet for den nye kommunen, seier Rune Lid.

Vi er med på noko unikt

- Kva er dei viktigaste motivasjons faktorane som må til for å lukkast med Nye Øygarden kommune?

- Vi får vera med på noko unikt når det skal byggjast ein ny kommune. Dette er ein motivasjon i seg sjølv. Hugs at det er over 50 år sidan det sist vart gjennomført ei stor kommunereform i landet.

- Gje eit døme på noko som må vera på plass før 31. desember 2019?

- Mykje skal på plass, og noko kan venta. Men vi må få opp eit IKT-system som fungerer, seier Rune Lid.

Er det noko vi kan vera sikker på, så er det at det vert travelt for Rune Lid og dei andre som har fått eit særleg ansvar for å arbeida med å etablera den nye kommunen.

- Målet er at folk vil oppleva at tenestene vert som før og ikkje svekka. Nokre vil kanskje oppleva at vi som arbeider med dette vert litt vanskelegare å få tak i, men vi skal gjera det vi kan for å vera tilgjengelege, seier Rune Lid.



Straume idrettspark, Fjell

Kva vil vi med dette bladet?

Med bladet Øygarden 2020 ønskjer prosjektleiinga for Nye Øygarden å gje informasjon om arbeidet med å byggja ein ny kommune. Dette vert gjort i samarbeid med representantar frå organisasjonane til dei tilsette. I dette bladet prioriterer vi informasjon som er relevant for dei tilsette i Sund, Fjell og Øygarden.

Øygarden 2020 skal etter planen koma ut med fire årlege utgåver fram til utgangen av 2019. Oppdatert informasjon vil du finna på: nyeoygardenkommune.no og Facebook-sida vår.

Lunsjpraten: - Eg trur ikkje det vert store forandringar etter samanslåinga, men eg er utrygg på kva det kan verta på sikt.

Vigdis Blom Øksnes er barne- og ungdomsarbeidar på Blomvåg skule.
I slutten av oktober møtte vi henne og tre andre medarbeidrarar til lunsjprat.



Frå venstre: Jarle Kåre Oen, Vigdis Blom Øksnes, Ida F. Oen og Linda Ellingsen

Det er viktig å verta høyrte, slik at dei tilsette frametter også kjenner på at det er nokon som bryr seg om og tek vare på kulturen. Vigdis viser til døme som arbeidstidsordningar, betalt matpause og endringar i skulestrukturen. Dette vil råka både grendene og dei tilsette. Døme på gode er matpausane som ligg i arbeidstida. I tillegg lurer medarbeidarane på om det vert endringar når det gjeld pensjonsselskap. No har dei KLP som pensjonsselskap, men dei har hørt det er sagt at pensjonskassen i Fjell skal vera betre enn KLP.

Ida F. Oen er barne- og ungdomsarbeidar. Ho er oppteken av kva strukturendringar som kan koma.

- Vi tek det som det kjem, men vi lurar på om det berre er legekontoret, NAV og biblioteket som vert igjen her ute i kommunen. Vi er usikre på om det vert strukturendringar. Det skapar uvisse og uro, seier Vigdis.

Medarbeidarane på Blomvåg skule er opptekne av tida «her og no» og korleis framtida for dei tilsette vil verta i Nye Øygarden kommune. Dei har ønske om å få halda fram arbeidet på Blomvåg skule og få behalda dei godane tilsette i Øygarden har. «Vi-kjensla» og det gode samhaldet på arbeidsplassen i dag, ønskjer vi skal halda fram i nye kommunen også. Og samstundes ser vi fordelar med at det kan verta fleire å «spinna» på når det er behov for vikarar.

Rektor Linda Haugstad nemner spesielt gleda over å få større fagmiljø, men like fullt er håpet om at det er nokon som bryr seg og at dei vert høyrde, både i prosessen framover og i Nye Øygarden kommune.

- Det er viktig for oss at kulturen vert teken vare på», seier Linda.



Bildøyna, Fjell



Kleppesjøen, Sund

Spørsmål kjem etter kvart som praten går. Det handlar om kartlegging av stillingar, om det er tenkt å effektivisera samstundes. Dei spør om spesielt kontorstillingane i skulen kan aukast opp i stilling. Korleis vert sekretærane heiskapleg ivaretakne på tvers av skulane, og kva kriterium vert brukte ved endringar?

Eit viktig tema for Linda Ellingsen er reinhald.

- Eg håpar verkeleg at reinhaldet vert driven av den nye kommunen og at nærliken til leiinga vert ivaretaken. Vi har frykta for å missa jobben vår, men det var kjekt å høyra at alle skal få behalda jobben sin, sjølv om vi gjerne må flytta på oss. Det må vi gjerne finna oss i?

Ida likar informasjonsbladet.

- Eg les heile infobladet og ser det er viktige tema som vert tekne opp. Eg synest det er viktig å følgja med det som dei tillitsvalde gjer.

Timen gjekk fort, og samtalen var prega av positive haldningar til den nye kommunen. Nokre spørsmål kunne vi svara på, men resten håpar vi dei får svar på etter kvart som prosessen går framover.

Vi ynskjer alle tilsette ved skulen ei fin tid frametter og takkar for at vi fekk koma på besøk og høyra tankane til nokre av dei tilsette.

Nytt frå fellesnemnda

Oktober

Fellesnemnda vedtok å be prosjektrådmannen å leggja fram ei sak som vurderer om det er mogleg å starta opp arbeidet med grunnlaget for samfunnssdelen av kommuneplanen. Fellesnemnda vedtok framdriftsplan for prosessen med planstrategi i den nye kommunen, inkludert planprogram til kommuneplanen.

Fellesnemnda godkjende styringsdokument for administrativ prosjektorganisering. Dette dokumentet byggjer på intensjonsavtalen der visjon og målsetjingar for den nye kommunen er definerte. Styringsdokumentet viser korleis prosjektet er organisert og dimensjonert og utgjer kontrakten mellom fellesnemnda og prosjektrådmannen.

Fellesnemnda vedtok å gje utval for politisk styringsstruktur som tilleggsoppgåve å utarbeida forslag til ordførarkjede for Nye Øygarden kommune. Forslaget skal leggjast fram til endeleg avgjerd i fellesnemnda. Ordførarkjeda skal vera klar til bruk frå første januar 2020. Det er avgjort at kommunevåpenet til Sund skal nyttast i den nye kommunen.

November

Fellesnemnda slutta seg til framleggget frå prosjektrådmannen om å venta med start av arbeidet med kommuneplan. Det vart vedteke å leggja til grunn at prosjektrapportane (når desse ligg føre) frå prosjektarbeidet som er sett i gang hausten 2018, vil kunna gje viktige premisser til grunnlaget for arbeidet med ein samfunnssplan. Desse rapportane vil prosjektrådmannen leggja fram for fellesnemnda. Spørsmålet om samfunnssdelen til kommuneplanen vert drøfta i felles kommunestyremøte for dei tre kommunane den 17. januar.

Både i oktobermøtet og møtet i november gav prosjektrådmann Rune Lid orientering om status i det administrative arbeidet med å byggja den nye kommunen. På møtet i november gav leiinga på Coast Center Base orientering om planane om godshamn på Ågotnes.

Her er fire kommunalsjefar i Nye Øygarden kommune

Fire av søkerane til kommunalsjefstillingane vart i slutten av november og tidleg i desember tilsette som kommunalsjefar i Nye Øygarden kommune.



Line Barmen, kommunalsjef Helse og velferd

Line Barmen vert kommunalsjef for Helse og velferd, Anne-Merete Vabø Haugane vert kommunalsjef for Oppvekst, medan Råmund Skjold får stillinga som kommunalsjef for Kultur og samfunn. Sissel Iren Nesse vert kommunalsjef for Organisasjon og digitalisering. Tre av dei tilsette er interne, medan ein er tilsett blant dei eksterne søkerane (Nesse).

Vi har stilt kommunalsjefane spørsmål om dei fyrste tankane som for gjennom hovudet då rådmann Rune Lid ringde og fortalte at dei hadde nådd heilt til topps i rekrutteringa. Samstundes utfordra vi dei til å si noko om kva dei ser på som viktige oppgåver når dei tek fatt på ny jobb.

Line Barmen (53) som i dag i dag er omsorgssjef i Fjell, er tilsett som kommunalsjef for Helse og velferd.

- Yes, Yes, Yes!! var det fyrste eg tenkte, seier Line. - Eg vart rørt over den tilliten som vart vist meg, og eg er berre så utruleg takksam for alle gratulasjonar og gode ord eg har fått frå kollegaer, politikarar, familie med fleire. Eg er også takksam for at tilsetjingsutvalet våga å satsa på meg, seier ho.

Samstundes seier Line at det vert spennande å byggja eit nytt team. Ho trekkjer fram at det er viktig å vera open, raus og ha tett dialog.

- Eg vil at innbyggjarane i Nye Øygarden kommune erfarer at leiinga jobbar saman for å gje dei beste tenestene på alle område. Eg vil også at dei opplever eit leiarteam som involverer og lyttar til tilsette og innbyggjarar og som er handlingskraftige. Eg gler meg til å ta fatt på ein stor og utfordrande jobb saman med kompetente og flott menneske, seier Line Barmen.

Anne-Merete Vabø Haugane (49) som i dag er rektor på Fjell ungdomsskule er tilsett som kommunalsjef for Oppvekst.

- Eg vart svært glad og positivt overraska! Eg har opplevd at tilsetjingsutvalet har vist mot og nytenking ved å rekruttera meg framfor ein kandidat med denne erfaringa frå før. Dette gjev stor inspirasjon. Eg vil halda fram med å vera litt ukonvensjonell i mi tolking av rolle og moglegheiter, seier Anne-Merete.

Vidare fortel Anne-Merete at ho er oppteken av å få vera med å rigga organisasjonen og ta vare på tenester og tilsette i overgangen til ny kommune.

- Vi må tenkja at vi ikkje gjer dette ein gong for alltid, men noko vi skal gje på nytt og på nytt, stadig på spenstig leit etter betre og betre løysingar som gjev auka kvalitet på tenester til innbyggjarane og dei tilsette, seier Anne-Merete Vabø Haugane.



Anne-Merete Vabø Haugane, kommunalsjef Oppvekst



Råmund Skjold, kommunalsjef Kultur og samfunn



Sissel Iren Nesse, kommunalsjef Organisasjon og digitalisering



Lensmannsvatnet, Sund

Råmund Skjold (51) er i dag kommunalsjef for drift og tekniske tenester i Øygarden kommune og er tilsett som kommunalsjef for Kultur og samfunn. Råmund seier at den første reaksjonen var at han vart veldig glad.

- Eg ser fram til å verta godt kjent med den nye leiagrupsa. Det at den nye leiagrupsa vert godt kjent med og trygge på kvarandre meiner eg er avgjerande i møte med arbeidet som ligg framom oss, seier han.

Råmund er audmjuk for oppdraget med å utforma ein ny organisasjon og ein ny kommune. Han trekkjer fram den viktige balansen mellom etablert og velfungerande praksis, og det å sjå framover mot nye måtar å løysa oppgåvane på. Dei tre kommunane har mange dyktige medarbeidarar, og eg meiner vi har alle føresetnader for å byggja ein ny framtidsretta organisasjon med eit godt tenestetilbod, avsluttar Råmund.


Sissel Iren Nesse (50) er i dag einingsleiar for løns- og rekneskapssenteret i Bergen kommune. Ho tek til i den nye stillinga den 7. mars.

- Eg er oppvachsen på Sotra, og eg ønskjer å vera med denne reisa. For meg er det eit ønske om å vera med på å utvikla framtidsretta tenester der digitalisering og fornying er sentralt. Ved å stå samla i arbeidet med å byggja den nye kommunen, vert vi ein sterk region, seier Sissel Iren Nesse.

Prosjektrådmann Rune Lid er svært glad for at fire kommunalsjefar er tilsette.

- Etter kvart vil desse som planlagt gå inn som leirarar av hovudprosjektgruppene. Det er også viktig at eg no får etablert eit leiarteam som skal byggja den nye kommunen. Det er mykje kompetanse og erfaring i leiartteamet, seier Lid.

Kommunalsjefstillinga for Økonomi er ennå ikkje på plass og skal lysast ut eksternt.



Torsvik mot Rongesundet, Øygarden

Partssamansett utval tilrådde forsikra løysing i KLP

Måndag den 10. desember behandla partssamansett utval (PSU) spørsmålet om framtidig pensjonsleverandør for dei tilsette i den nye kommunen. PSU gjekk samla inn for innstillinga frå prosjektrådmannen om forsikra løysing i KLP.
Fellesnemnda avgjorde saka måndag den 17. desember.



Hovudtillitsvald i Fagforbundet Hildegunn Høyland (til høgre), argumenterte for forsikra løysing.



Prosjektrådmann Rune Lid (i midten) har ordet.

Valet stod mellom eigen pensjonskasse, slik Fjell kommune har med Fjell kommunale pensjonskasse, eller forsikra løysing (i praksis KLP, Kommunal Landspensjonskasse).

Sjølv om PSU innstilte på forsikra løysing i KLP, kom det fram ulike syn på framtidig pensjonsløysing då saka stod på sakskartet i PSU. PSU er samansett av ni politikarar frå fellesnemnda og seks representantar frå dei tillitsvalde. Dei tillitsvalde gav uttrykk for at dei støttar ei forsikra løysing i KLP. Nokre av dei politisk valde representantane gjorde det klart at dei var opne for begge løysingane når saka skulle opp til endeleg behandling i fellesnemnda.

Det er gjennomført ein omfattande prosess fram mot den endelege avgjerda om pensjonsløysing. Forsikringsmeklarføretaket AON Norge har på oppdrag frå prosjektrådmann utarbeidd ein rapport med framlegg til kva løysing for val av pensjonsleverandør som er best for den nye kommunen.

AON konkluderer med at slik saka står, heller analysen samla sett i retning av ei framleis løysing

med eigen pensjonskasse. Dei økonomiske fordelane med ei kasseløysing framfor ei forsikra løysing står fram som moderate i eit fem til ti-års perspektiv.

- Ein beskjeden premiefordel kan fort etast opp av ein ulempe med høgare administrasjonskostnader, skriv forsikringsmeklarføretaket i samandraget i rapporten.

Leiar av PSU, Børge Haugetun, gjorde på møtet i PSU ikkje kjent kva han ville røysta for når saka skulle endeleg behandlast.

- I PSU var eg først og fremst i eit lyttemodus. Det er viktig å lytta til kva organisasjonane meiner. I PSU er det viktig at partane får koma med sine innspel. Den endeleg politiske avgjerda vert teken i fellesnemnda, sa Haugetun etter behandlinga av saka i PSU den 10. desember.

PS. Bladet gjekk i trykken før fellesnemnda avgjorde saka den 17. desember. På nettsida finn du oppdatert informasjon.

God start for prosjektgruppene

Arbeidet i alle dei fem prosjektgruppene starta i oktober. I prosjektgruppemøta er det teke opp ein del generelle tema, men etter kvart har hovudprosjekt-gruppene gått inn i oppgåver og tema knytt opp til det enkelte kommunalsjefområde.



Mange er engasjerte i hovudprosjekt og delprosjekt for Nye Øygarden kommune. Biletet er frå arbeidsverkstad i Sund i oktober.

Leiarane av prosjektgruppene opplevde ein god start med engasjerte medlemer som vil vera med å byggja den nye kommunen.

Jon Erik Egeland er leiar for Oppvekst-gruppa.

– Det var god stemning på det første møtet i prosjektgruppa. Alle var samde om at det no var godt å koma i gang med arbeidet, seier Egeland.

På møtet drøfta prosjektmedlemene motivasjon og forventningar, spelereglar i gruppa, drøfting av mandat, prosjektmetodikk, møteplan og oppgåver til neste møte.

Lillian Torsvik hadde sitt første møte med prosjektgruppa for Organisasjon og digitalisering i midten av oktober.

- Eg opplevde det første prosjektmøtet som særskilt positivt saman med flotte og motiverte prosjektdeltakarar og prosjektstøtte. Det var god stemning og folk var engasjerte. Vi la stor vekt på at prosjektgruppa skal vera ein god stad å vera, der det er høgt under taket og høg trivsel.

Prosjektleiar for Kultur og samfunn, **Lennart Fjell**, seier at på det første møtet vart det peika på at det

må fokuserast på kor stor moglegheit dette er for å forma den nye storkommunen.

- Prosjektgruppa hadde ein lengre prosess i møtet det alle fekk presentert seg. Det var gjennomgang av prosjektstyringsverktøyet Projectplace og møteplan for tida framover, seier Fjell.

Prosjektgruppe for Helse og velferd, **Åse Vik**, opplevde også det første møtet som positivt.

- Me kjenner oss privilegerte som skal få vera med å byggja den nye kommunen. Alle var innstilte på å bidra for å koma i tråd med framdriftsplanen, sjølv om han vart opplevd som svært stram, seier Vik.

Leiar av prosjektgruppa for Økonomi, **Svend-Fredrik Untiedt**, opplyser at det frå starten av vart oppretta tre delprosjekt; val av pensjonsleverandør, skuggebudsjett og eigedomsskatt. Skuggeprosjektet skal visa korleis budsjettet for 2019 vert om ein legg saman budsjetta for dei tre kommunane.

- Vi har fleire prosjekt rett rundt hjørnet, til dømes utarbeiding av ny felles kontostruktur, seier Untiedt, etter at dei første møta var haldne.

Mange delprosjekt er starta opp

Like før informasjonsbladet gjekk i trykken i desember, utfordra vi dei fem prosjekt-leiarane til å gje status for arbeidet i dei fem prosjektgruppene og kva delprosjekt som er starta opp. Her er tilbakemeldingane frå prosjektleiarane:

Oppvekst



Frå venstre: Margun Landro (barnehagesjef Fjell), Christian Alsaker (prosjektstøtte), Cathrine Olsen (Unio, Utdanningsforbundet), Jon Erik Egeland (prosjektleiar), Vibecke Hodnekvam (Unio, Utdanningsforbundet), Wilhelm Anglevik (skulesjef Fjell), Rune Landro (kommunsjef Øygarden) og Bodil Aleksandersen (LO, Fagforbundet).
Else Glesnes var ikkje til stades då biletet vart teke.

Prosjekt oppvekst har kome godt i gong med arbeidet. Prosjektet har gjennomført fem prosjektmøte. Prosjektgruppa viser god forståing for oppgåva, og det er eit godt samspel i gruppa. Prosjektgruppa har identifisert sju delprosjekt som er aktuelle under Oppvekst, og fire av desse er i gang.

Det er om lag 40 deltakarar som er engasjerte i prosjektet inkludert delprosjekta. Delprosjekt som naturleg høyrer heime under Oppvekst er starta opp, medan ein ventar med start av prosjekt som ligg under to kommunalsjefområde. Det er gjort avtale med Helse og velferd at det vert etablert eit prosjekt på tvers som omhandlar barn og unge med behov for hjelp frå fleire tenester. Desse tenestene er PPT, barnevern og helse barn og unge. Det er vidare gjort avtale med Kultur og samfunn at dei tek ansvar for utgreiing av kulturskulen.

Delprosjekt:

- Delprosjekt skule:** leiar Rune Landro
Rune.Landro@oygarden.kommune.no
- Delprosjekt barnehage:** leiar Margun Landro
Margun.Landro@fjell.kommune.no
- Delprosjekt voksenopplæring:**
leiar Vibecke Hodnekvam
Vibecke.Hodnekvam@oygarden.kommune.no
- Delprosjekt PPT:** leiar Jogeir Sognnæs
Jogeir.Sognnaes@fjell.kommune.no

Delprosjekta har fått utlevert delprosjektmandat, og det er gjennomførst oppstartmøte mellom prosjektet og kvart delprosjekt. På oppstartmøtet er det mellom anna drøfta deltakarane sine forventningar til arbeidet, utarbeidd møteplan og fordelt oppgåver mellom deltakarane. Delprosjekta har fått eiga prosjektside i Projectplace og det er gjennomført opplæring for alle delprosjektleiarane.

Det er lagt opp til brei medverknad og involvering i alle delprosjekta. Det er tillitsvalde i kvart delprosjekt. Prosjekta har sett av datoar tidleg i januar for workshops. Ein tek sikte på å invitera 50 – 70 tilsette til kvar samling for å få best mogleg medverknad i prosjekta.

Jon Erik Egeland, prosjektleiar Oppvekst
Jon.E.Egeland@sund.kommune.no



Landro skule, Fjell



Helse og velferd



Frå venstre; Monica Landro (einingsleiar psykiatri Sund), Terje Handal (helsesjef Fjell), Marita Hilleren (kommunalsjef Sund), Line Barmen (omsorgssjef Fjell), Bente Ormevik (LO, Fagforbundet), Monica Pedersen (leiari flyktningar og tenesteutvikling), Åse Vik (kommunalsjef Øygarden), May-Britt Hansen (YS, Delta), Jana Wietschorke (Unio, Norsk Sykepleiarforbund) og Tove Helleland (sosialsjef Fjell).

Delprosjekt:

- Heimetenester:** leiar Janne Mo
Janne.Mo@fjell.kommune.no
- Sjukeheim/institusjon:** leiar Monica Landro
Monica.Landro@sund.kommune.no
- Forvaltning og vedtak:** leiar Monica Pedersen
Monica.Pedersen@fjell.kommune.no
- Flyktningtenesta:** leiar Monica Pedersen
Monica.Pedersen@fjell.kommune.no
- NAV:** leiar Tove Helleland
Tove.Helleland@fjell.kommune.no
- Tenester til menneske med nedsett funksjonsevne:** leiar Marit Nielsen
Marit.M.Nielsen@sund.kommune.no
- Legetenester:** leiar Stein-Inge Stigen
Stein-Inge.Stigen@fjell.kommune.no
- Friskliv og meistring:** leiar Anita Alvheim
Anita.Alvheim@fjell.kommune.no
- Rus og psykisk helse:** leiar Terje Handal
Terje.Handal@fjell.kommune.no

Prosjekt «Helse og velferd» har mange forskjellige tenesteområde og omfattar svært mange tilsette. Prosjektgruppa har difor lagt vekt på brei involvering i delprosjekta så langt det let seg gjera innafor tilgjengelege ressursar og den knappe tida som er til rådvelde.

Delprosjektleiarane er i hovudsak rekrutterte frå prosjektgruppa for å sikra forankring og avklaringar undervegs i arbeidet. Det er viktig at medlemene i delprosjekta legg opp til drøftingar «heime» på arbeidsplassen sin, slik at flest mogleg kan gje innspel til prosessen som no går føre seg. Alle delprosjekta har tatt oppdraget med stor entusiasme og velvilje. Inntrykket er at folk har venta på å koma i arbeid med å byggja vår nye kommune - det lover godt.

I tillegg vert det gjennomført kartleggingsarbeid innan barnevern, helsestasjon, jordmorteneste og PPT. Her er det planlagt eit felles delprosjekt med Oppvekst-gruppa.

Åse Vik, prosjektleiar Helse og velferd
asv@oygarden.kommune.no



Øygarden Lokalmedisinske senter, Fjell



Kultur og samfunn



Fra venstre; Lennart Fjell (kultursjef Fjell), Eli Jeanette Fosso (prosjektstøtte), Marita Hilleren (kommunalsjef Sund), Bjørn Erik Kristiansen (plan- og eigedomssjef Fjell), May-Britt Hansen (YS, Delta), Råmund Skjold (kommunalsjef Øygarden), Bodil Aleksandersen (LO, Fagforbundet), Nils Arthur Amundsen (hovudverneombod), Knut Eivind Nygård (fagleiar Sund) og Jarle Kåre Oen (prosjektstøtte).

Delprosjekt:

- Kultur:** leiar Christel Møvik-Olsen
Christel.Movik-Olsen@oygarden.kommune.no
- Samfunnsplan, arealtenester og folkehelse:**
leiar Hanna Gjesdal
Hanna.Gjesdal@fjell.kommune.no
- Samferdsle og transport:** leiar Therese Borgen
Therese.Borgen@fjell.kommune.no
- Eigedomsforvalting:** leiar June Johannesen
June.Johannesen@fjell.kommune.no

Kultur og samfunn som kommunalsjefområde og prosjekt skal særskilt sjå på oppgåver innanfor kultur, kulturskule, bibliotek, idrett, friluftsliv, planarbeid, kart og areal, miljø, landbruk, byggjesak, folkehelse, samferdsle, transport, drift- og vedlikehaldstenester, bustadutleige m.m. Dette er tenester og oppgåver som skal planleggja og leggja til rette for det gode samfunnet i Nye Øygarden kommune. Det har blitt gjennomført ei framtidsoppgåve med formål å starta arbeidet med å kartleggja kva tenester og oppgåver ein har i alle tre kommunar i dag. Dette arbeidet held fram i delprosjekta som vert oppretta, og vert sett i samanheng med beste praksis og må-oppgåver. Det vert særskilt fokus på innbyggjarane sine behov, samfunnsutvikling og innovasjon i det arbeidet som skal gjerast dei nærmeste månadene.

Kultur og samfunn har til no hatt seks møte, og det er god dynamikk og progresjon. Det er etablert fire delprosjekt som er sette i gong, og det vert etablert fleire arbeidsgrupper under desse att.

Lennart Fjell, prosjektleiar Kultur og samfunn
Lennart.Fjell@fjell.kommune.no



Hjeltefjorden Arena, Øygarden



Blommen, Fjell



Storskaret, Fjell



Frå venstre; Anita Røyneberg Alvheim (Akademikerne, Tekna), Svend-Fredrik Untiedt (prosjektleiar), Rune Lid (prosjektleiar/rådmann), Åse Vik (kommunalsjef Øygarden, og Hildegunn Høyland (LO, Fag forbundet).

Delprosjekt:

- **Økonomisk styring:** leiar Heine Kleppe
Heine.Kleppe@fjell.Kommune.no
- **Eigedomsskatt:** leiar Egil Robert Johansen
Egil.Robert.Johansen@oygarden.kommune.no
- **Finans:** leiar Ove Fugelsnes
Ove.Fugelsnes@fjell.Kommune.no
- **Gebyr og brukarbetaling:** leiar Heine Kleppe
Heine.Kleppe@fjell.Kommune.no

Tema for prosjektgruppa Økonomi har så langt mellom anna vore val av utgreiar for val av pensjonsleverandør, tidsplan, Projectplace (prosjektverktøy), gjennomgang av prosjektorganisering, styringsdokument og prosjektmandat. Det er oppretta fleire delprosjekt.

Skuggebudsjettet skal visa korleis budsjettet for 2019 vert om ein legg saman budsjetta for dei tre kommunane.

I tillegg har gruppa utgreiingsansvar for følgjande saker:


- Utarbeiding av skuggebudsjett
- Val av pensjonsleverandør
- Eigedomsskatt med omsyn til ny informasjon frå finansdepartementet knytt til eigedomsskatt og kommunesamanslåing

Økonomirådet i Nye Øygarden kommune vert både stort i volum og vidt i bredde i høve til oppgåvene.


Oppgåver som er klare for vidare utgreiing er:

- Innkjøp
- Løn
- Kemner
- Kommuneadvokat

Svend-Fredrik Untiedt prosjektleiar Økonomi
Svend-fredrik.Untiedt@fjell.kommune.no



Organisasjon og digitalisering



Frå venstre; Lillian Torsvik (prosjektleiar), Gjertrud Ekerhovd (Akademikerne, Psykologforbundet), Helene Møgster (personalsjef Øygarden), Kristin Sekkingstad (prosjektstøtte), Lisbeth Grosvold (personalsjef Fjell), Hildegunn Høyland (Lo, Fagforbundet), Kaja Pedersen (personalsjef Sund), Grethe Bergsvik (konstituert servicetorgsjef Fjell) og Kjell Fyllingen (IKT-sjef Fjell),

Delprosjekt:

- Arkiv og dokumenthandtering:** leiar Birthe Young
Birte.Young@oygarden.kommune.no
- Innbyggjartorg:** leiar Grethe Bergsvik
Grethe.Bergsvik@fjell.kommune.no
- Sekretariat for politisk verksemd:**
leiar Beate Hetlevik
BH@oygarden.kommune.no
- Informasjon og kommunikasjon:**
leiar Vigleik Brekke
Vigleik.Brekke@fjell.kommune.no
- Personalforvaltning og utvikling:**
leiar Lisbeth Grosvold
Lisbeth.Grosvold@fjell.kommune.no
- IKT-funksjon:** leiar Grethe Oen
Grethe.Oen@oygarden.kommune.no
- FOU og digitalisering:** leiar Kjell Fyllingen
Kjell.Fyllingen@fjell.kommune.no

Prosjektgruppa har møte kvar torsdag kl. 13.00 - 15.30 på Skjenet, og har ved utgangen av november månad hatt seks møte. Prosjektgruppa er styringsgruppe for tidlegare oppretta IKT-prosjekt «HRM/Løn/Økonomi», «Sak/Arkiv» og «Server og infrastruktur» og har hatt to møte som styringsgruppe. I tillegg har prosjektgruppa opprettet desse delprosjekta så langt:

Lillian Torsvik, prosjektleiar Organisasjon og digitalisering
Lillian.Torsvik@fjell.kommune.no





Pyttane, Fjell

Viktige fristar


Arbeidet i alle dei fem prosjektgruppene er i gang. I prosjektgruppemøta er det teke opp ein del generelle tema, men etter kvart går gruppa inn i oppgåver og tema knytt opp til det enkelte kommunalsjefområde.

Hovudprosjektgruppene skal ferdigstilla den første fasen (konseptfasen) seinast 28. januar 2019. Med bakgrunn i dette har delprosjekta fått noko kortare frist for å ferdigstilla deira konseptfase. I hovudsak skal delprosjekta ferdigstilla kartlegginga av dagens no-situasjon før jul. Fristane varierte mellom 10. desember og 17. desember.

På nyåret fram mot om lag 20. januar skal delprosjekta tilrå forslag til framtidig satsingsområde, mål og strategiar for tenesta i Nye Øygarden kommune. Vidare skal dei tilrå framtidig organisering og dimensjonering for tenesta i den nye kommunen.

Hovudprosjektgruppene skal tilrå eit samanfatta forslag til satsingsområde, mål og strategiar, organisering og dimensjonering for tenesta. Dette skal leverast til prosjektrådmannen innan 28. januar 2019.

Prosjektrådmannen skal i perioden mellom 28. januar til 28. februar vurdera forslaga frå dei fem hovudprosjekta.



Julestemning frå Sotraplassen, Fjell

Her er Øygardsgenseren

I midten av november kunne Fjell-ordførar Marianne Sandahl Bjorøy gjera kjent kva genser som skulle få tittelen Øygardsgenser. På julemesset til Sotra Husflidslag kunne ordføraren ropa fram Mary-Ann Foldnes Fiske iført den eigenstrikkka genseren.



– Eg vart svært overraska over resultatet, seier Foldnes Fiske.

Mary-Ann Foldnes Fiske hadde slett ikkje tenkt å delta i denne konkurransen. Ein fredag kveld sat ho åleine på hytta. Ho var i ein spesiell situasjon. Mary-Ann kasta blikket på oppslaget i Vestnytt der folk vart inviterte til å senda inn forslag til strikkejakke eller genser.

– Eg reflekterte ikkje så mykje meir over det den kvelden, men morgonen etter fekk eg «biletet» av korleis genserken kunne sjå ut. Så strikka eg i veg fort og gale. Garnforretninga, der eg kjøpte garnet, var begeistra for resultatet og oppmoda meg til å senda inn utkastet, seier ho.

Kravet til Øygardsgenseren var at kandidatane skulle nytta ull frå Hillesvåg Ullvarefabrikk.

– Lilla farge symboliserer lyng. Vrangborden er fletta og gråfargen symboliserer berg. Fletta symboliserer

også at berga er fletta saman. Vi treng også å verta fletta saman som kommunar og menneske, seier Mary-Ann.

Det handlar om identitet

Leiar i Sotra Husflidslag, Gunvor Bråthen Moe, er godt nøgd med at 1 652 personar deltok i kåringa. Ho seier at det var Fjell-ordførar Marianne Sandahl Bjorøy som tok initiativ til å peika ut Øygardsgenseren. Ordføraren er innforstått med at dette forpliktar.

– Eg lovar å strikka Øygardsgenseren. Eg har allereie fått bestilling på fire eksemplar. Eg ønskjer at dette vert starten på ein strikkedugnad. 2019 må verta strikkåret, og første januar 2020 er det vinter og då bør alle gå i Øygardsgenseren, seier ordføraren.

Etter nyttår skal husflidslaget utarbeida mønster i alle storleikar. Pr. dato finst det berre to eksemplar; vaksenutgåva som vart presentert på julemesset og ein gutegenser, begge strikka av Mary-Ann Foldnes Fiske.

Kva forventning har du til Nye Øygarden kommune?

Birte Young

Fagleiar for arkiv | Øygarden kommune



Eg er fagleiar for arkiv i Øygarden kommune. Som fagleiar i ein liten kommune har vi mange ansvarsområde og få tilsette å fordela ansvar med.

Eg gler meg til ein ny stor kommune med større fagmiljø. Fleire tilsette i eit arkiv å fordela dei ulike arbeidsoppgåvene på gjev betre og meir effektive tenester til brukarane både internt og eksternt, og vi er mindre sårbarer ved fråvær.

Svanhild Karin Forland

Helseleiar | Sund kommune



Eg forventar at alle i Nye Øygarden kommune får likeverdige helsetenester uavhengig av kvar ein bur i kommunen. Eg ønskjer at vi skal få til eit godt samarbeid på tvers av tenestene slik at innbyggjarane får rett hjelp til rett tid.

Eg har forventningar til at nasjonale føringar når det gjeld personell, tidleg innsats, kvalitet og kunnskapsbasert utvikling av tenestene har eit sterkt fokus i storkommunen. Det er også eit håp at nærteneprinsippet i intensjonsavtalen vert lagt til grunn.

Verona Hjørnevik

Kundevert | Fjell kommune



Eg håper at samanslåinga byr på nye spennande utfordringar og mange nye kjekke kollegaer.

Det positive er at fagfeltet vert enormt utvida og vi kan adoptera arbeidsmetodar og oppgåver frå kvarandre. Det blir kjempe-spennande å sjå kor og korleis ting blir lagt opp. Allereie i dag ser vi eit godt samarbeid mellom dei tre kommunane og høyrer stadig om nye prosjektgrupper som tek i vare oss alle og alle dei daglege gjeremåla. Eg gler meg!

Margun Stølsnes

Kontorleiar Øygarden legekontor | Øygarden kommune



I utgangspunktet er eg imot kommunesamanslåinga av fleire grunnar. No når det er eit faktum at dei tre kommunane blir til ein, håpar eg at dei folkevalde evnar å samarbeida og greier å sjå den nye kommunen i ein heilskap slik at alle ulike interesser vert ivaretakne. Det er viktig at også vi som bur i dei såkalla «utkantane» ikkje blir gløymde, men inkluderte.

Knut Rune Torsvik

Tilsett i Sund Vatn og avlaup AS



Som innbyggjar av den nye store kommunen er mine forventningar at servicenivået vert heva og at kommunen leverer gode tenester til innbyggjarane sine. Sjølv om vi blir ein stor kommune, håpar eg at vi tek vare på identiteten, historia og den gode strilekulturen vår.


Forventningane mine som tilsett i Sund vatn og avlaup er at vi får eit større fagmiljø med mange dyktige tilsette som har lang erfaring samla under eitt tak. Dette gjev eit godt grunnlag for erfaringsutveksling, og det vert ein stor og nyttig ressurs for oss.

Ølena Svatyeva

Musikkterapeut/musikkpedagog | Fjell kulturskule



Eg forventar at Fjell kulturskule vert meir synleg i den nye kommunen og at han vert eit ressurssenter for heile kommunen i endå større grad enn han er i dag. Samanslåingsprosessen er spennande og krevjande, men eg håpar at arbeidsplassen min vert ein stad der lokaliteter legg til rette for å skapa eit godt arbeidsmiljø både for lærarar og elevar og eigna undervisningsrom for alle fag i kulturskulen. Eg håpar at det å slå saman fleire kulturskular kan skapa betre samarbeid i fagmiljøet.



Utsikt mot Raunefjorden og Skaganeset, Sund

Korleis kan vi skapa endringsvilje?

Juridisk rådgjevar på Arbeidsmiljøsenteret, Hilde Hus Svanevik, stilte mange spørsmål då ho snakka om endring og omstilling på arbeidsverkstaden Nye Øygarden kommune arrangerte på Panorama i oktober.



- Er mennesket endringsvillig? spurte Hus Svanevik og svarte delvis på spørsmålet sjølv.
- I utgangspunktet har vi ikkje lyst å endra oss. Vi er tryggleikssøkjande.

Hus Svanevik illustrerte vegen mot den nye kommunen med ei skisse der det må byggjast ei bru frå situasjonen no til den nye kommunen .

- Det må lagast ei bru for at den enkelte skal kunna gå vegen. Dette må risikovurderast. Kva kan gå gale? spurte Hus Svanevik.

Involvering

I samtalene med deltakarane på arbeidsverkstaden kom det nokså tidleg fram at kommunikasjon og involvering er viktig for å lukkast med å byggja den nye kommunen. Nokre peika på at involvering er vel så viktig som informasjon. Resultatet vert gjerne at det vert informasjon om det som allereie er avgjort. Då går informasjonen på kostnad av involvering. Foredragshaldaren utfordra forsamlinga på korleis ein skal få til ei verkeleg involvering.

I samtalene vart det stilt spørsmål om risiko. Døme på dette kan vera risiko knytt til jobbar og lokalisering. Det er ein risiko for å mista gode folk i prosessen med å byggja ein ny kommune. Ifølgje Hus Svanevik er det tre typar menneske i ein prosess som dette; dei som er lojale, dei som vel å slutta og dei som seier frå (voicer).

Hilde Hus Svanevik avslutta med å trekka fram sentrale tema i samtalene med deltakarane på

arbeidsverkstaden. Involvering er viktig, leiarane må visa veg, skuffelsar må taklast, og det er fare for å mista folk. Det handlar ikkje berre om å få med seg det beste frå alle, med å laga det beste i den nye kommunen.

- Vi er privilegerte!

Prosjektrådmann Rune Lid peika på at medarbeidarane fekk vera med på noko stort då han ønskte dei 45 deltakarane på arbeidsverkstaden. På samlinga var leiarar, hovudtillitsvalde, hovudverneombod og andre administrativt tilsette samla.

- Vi er privilegerte som får vera med på denne reisa. I hovudet mitt er det ikkje Sund, men Nye Øygarden kommune vi er på veg til, sa Rune Lid som ikkje la skjul på at vi no går inn i ein hektisk og spennande periode.

- Dette har vore ein kjekk dag der vi har fått mange gode innspel. Vi som er her i dag har eit stort ansvar. Det er viktig at vi har respekt for kvarandre og er rause med kvarandre. Då kjem vi i mål på ein god måte, sa Lid.

Ein av deltakarane på arbeidsverkstaden var Anne Grethe Andersen (Delta, arbeidstakarorganisasjon i YS).

- Dette har vore ein interessant dag med diskusjonar og mykje informasjon om spennande tema. Det er viktig å koma i gang. Tema som endring og omstilling er viktige tema for oss tillitsvalde. Informasjon er viktig, men utan involvering manglar informasjonen eigarskap, seier Andersen.



Storasundet - Syltøyna, Fjell



Kontaktinformasjon

Rune Lid, prosjektrådmann

Tlf.: 55 09 77 29

E-post: rune.lid@nyeoygardenkommune.no

Vigleik Brekke, redaktør

Tlf.: 915 81 107

E-post: vigleik.brekke@nyeoygardenkommune.no



Dei tilsette skal oppleva god involvering

- Spørsmålet om lokalisering av ein del av tenestene bør vera avklart før sommarferien.

Rune Lid



Tilrådde forsikra løysing i PSU

Partssamansett utval gjekk den 10. desember inn for forsikra løysing (KLP) når det gjeld pensjonsløysing.